
Fra: Helland, Beate <fmhobeh@fylkesmannen.no>
Sendt: tirsdag 26. februar 2019 09:09
Til: Askøy kommune; Postmottak Austevoll; Post Austrheim; Bergen; Bømlo kommune; Eidfjord kommune; Etne kommune; Postmottak Fedje; Fitjar kommune; Fjell kommune; Fusa kommune; Granvin kommune; Jondal kommune; Kvam kommune; Kvinnherad kommune; Postmottak Lindås; Post Masfjorden kommune; Postmottak Meland; Postmottak Modalen; Odda; Os; Post Osterøy; Postmottak Radøy; Samnager kommune; Stord kommune; Sund kommune; Sveio kommune; Tysnes kommune; Ullensvang kommune; Ulvik kommune; Postmottak Vaksdal; Voss kommune; Øygarden kommune; Anita Lønnebakken Sævid; Anlaug Øyre; Anne Berit Johansen; Anne Halleraker; Anne Kjersti drange; Anne Lise Naasen; Astrid Drage; Aud Winsents; Benthe Fjeldstad Helland; Berit Morlandstø (berit.morlandsto@bomlo.kommune.no); Bjarte Hammer Aarland; Britt Dalsgaard; Britt Jorunn Landro; Britt Hilde Romarheim; Elfrid Oma; Elin Kjersti Eikemo; Esther aasen Bjelland; Grete Lill Hjarntnes; Grete revne- Hatlestandsonen; Gro H. Taule Nygård; Gry Vikør; Heinz Diehl; Helga Irene Ellingsen; Helga N. Boland; Hilde Markhus; Hildegunn Lindås; Hildur Heie; Inger Fosslund; Iren Hamborg; Iren. s. Melingen@aleris. no (Iren.s.Melingen@aleris.no); Kari Helland Bu; Karin Fleten; Kitty Soltvedt; Kjersti Kvamme; Kjersti Söderberg; Kvinnherad- Husnessona; Kvinnherad-Rosendal; Leif Erik Faugstad; Leif Kongestøl; Leni Dale; Line Barmen; liv Olsen; Margrethe Laastad Kvamme; Margunn Lægreid; Marit Bu Oppedal; Marit Klopstad; Marita Hilleren; Mette Fauskanger; Monika Kvamme; Nina Marie Kvamme; Ragnhild Helle; Randi Rotevatn Minde; Solrun Hauglum; Therese Aga; Torill Risnes; Wenche Strømøy; Åslaug B.Botnen

Emne: Informasjon - Kompetanseløft 2020
Vedlegg: Folder Helseledelse.pdf

Merk frist 1. mai 2019 for søknader frå kommunane til lønstilskot til master i avansert klinisk sjukepleie

Helsedirektoratet ber dykk gjere kjent for kommunane at dei kan søkje tilskot til å vidareutdanne sjukepleiarar i avansert klinisk sjukepleie på masternivå. Etter kva Helsedirektoratet har oversikt over, er det for tida seks universitet/høgskular i landet som tilbyr denne masterutdanninga.

Kunngjering på Helsedirektoratets heimeside er: <https://helsedirektoratet.no/tilskudd/lonnstilskudd-for-utdanning-i-avansert-klinisk-sykepleie>.

Nasjonal leiarutdanning for primærhelsetenesta – ny søknadsfrist for nye klassar hausten 2019

Helsedirektoratet vil be fylkesmennene hjelpe oss til å spreie informasjonen om nasjonal leiarutdanning for primærhelsetenesta til sine nettverk blant kommunale leiarar i helse- og omsorgstenesta. Utdanninga som BI tilbyr, er resultat av eit samarbeid mellom KS og Helsedirektoratet. Nå nærmar søknadsfristen seg, og det er behov for ekstra påminning til kommunane. Ny klasse blir lokalisert i Bergen for studieåret 2019/2020.

Søknadsfrist 15. april 2019 til: <https://www.bi.no/studier-og-kurs/kurs/masterprogram/helseledelse/>

Utdanninga rettar seg primært til einings- og verksemdsleiarar i helse- og omsorgstenesta kommunar og tannhelsetenesta i fylkeskommunar. Dette omfattar leiarar i psykisk helsearbeid og rusarbeid, kommunale institusjonar og sjukeheimar, heimebaserte omsorgstenester, helsestasjons- og skulehelsetenesta, habiliterings- og rehabiliteringstenesta, offentleg legeteneste, fylkestannlegar, overtannlegar og klinikkleiarar. Andre med relevant leiaransvar kan også søkje om opptak. Det er ønskeleg at leiarar frå same kommune og ulike delar av primærhelsetenesta søkjer saman. Det styrkjer søknaden om rådmann eller kommuneleiing legg ved tilråding.

Frå hausten 2019 blir det gitt tilbod om opptak til fire nye klassar med til saman 216 nye studentar. Ein klasse vil vere lokalisert i Bergen, medan dei tre andre klassane er i Oslo. Vedlagt er brosjyre til utdanninga. Utdanninga gir 30 studiepoeng og kan gjennomførast som sjølvstendig modul eller som del av eit samla masterstudium.

Tema på samlingane er:

- Samling 1: *Ledelse og samhandling i kunnskapsorganisasjoner*
- Samling 2: *Strategisk forvaltning og utvikling av kompetanse*
- Samling 3: *Organisasjonskultur og gruppedynamikk i helse- og omsorgstjenesten*
- Samling 4: *Ledelse av innovasjon og endring*
- Samling 5: *Ledelse og økonomi: styring i offentlig forvaltning*
- Samling 6: *Jus, internkontroll og etikk*

Studieavgifta blir dekt av Helsedirektoratet. Reise og opphald må dekkjast av den enkelte. Det er mogeleg å søkje om reise- og opphaldstilskot frå KS.

Med venleg helsing

Beate Helland
seniorrådgjevar



Fylkesmannen i Vestland

Telefon: 55 57 22 15

E-post: fmhobeh@fylkesmannen.no

Web: www.fylkesmannen.no/vl